

## **Tannhelse for framtida**

I debatten på Facebook-sida til Vikebladet Vestposten treff Hanne N. spikaren på hovudet når ho åtvarar mot postnummer-politikk i plasseringa av den nye distriktstannhelseklinikken.

I papiravisa torsdag er tannlækjararar uroa over om kontoret vert bra nok for pasientane dersom det ligg utanfor sentrum i Vik. Men gangavstand til skulane i sentrum i Ulsteinvik har ingenting med kvaliteten på tannhelsetenesta på Søre Sunnmøre å gjere. Det er dei færraste i mils omkrings som kan gå til Vik likevel, så her må ein utvide perspektivet. Langtidsplanen for tannhelsetenesta i Møre og Romsdal understrekar at det m.a. er solid fagleg kompetanse, trygg rekruttering og digital satsing med ny teknologi som skal sikre kvaliteten i tannhelsetenesta i åra framover. Dette var grunnlaget for avgjerdsla i Kultur- og folkehelseutvalet sist onsdag. Langtidsplanen er positiv lesing for alle som er opptekne av tannhelse. Den slår fast at folk flest har gode tanner no til dags.

## **Samlar kvalitet i Helsehuset**

Men der er nokre utfordringar som vi skal ta på alvor. Ein del pasientgrupper mellom oss krev ekstra merksemrd. I tillegg står tannhelseklinikke våre framfor store IKT-investeringar og utfordringa i bruk av ny teknologi. Ein skal også kunne trygge ei god rekruttering.

Når Hareid kommune no legg ut tilbodsanbodet på det nye Helsehuset før påske, er sentral plassering ved kollektivtilbod og eit etablert knutepunkt for IT og velferdsteknologi også grunnlaget for den nye distriktstannklinikken.

Omorganiseringa av den fylkeskommunale tannhelsetenesta kan ein gjerne karakterisere som ei sentralisering. Men for ein gangs skuld har vi sjansen til å samle oss om ein moderne klinikk som er skreddarsydd slik tenesta skal utvikle seg. Vi skal satse på dei kommunale sentra her på Søre – også på Hareid. Ikke alt kan ligge i Ulsteinvik sentrum – difor fordeler vi – og i Hareid er det fagmiljø for helsetenester vi samlar oss om. Dette aukar kvaliteten for alle tenestene og fagmiljøa. I tråd med landtidsprogrammet til tannhelsetenesta vil eit helsefagleg kompetansemiljø på Hareid vere minst like rekrutterande som plassering i Vik. I dag kjem tannlækjarar frå Ålesund og andre stader på Søre – og det har ikkje vore verre rekrutteringsproblem på Hareid enn andre stader. Det er eit kollektivknutepunkt for 100 000 sunnmøringer. Rekrutteringsproblemet innan helse- og velferdsyrka er eit nasjonalt problem, men på Hareid har ein lange søkerlister på velferd.

Tannhelsetenesta vil komplettere velferdstenestene saman med NAV, helsestasjon, moderne legesenter og andre.

Det kan hende distriktstannklinikkleiar for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein, Elisabeth Nordal, som også er leiar for pasientane i Hareid, er uroa for at kvaliteten i tannhelsetenesta ikkje vert bra nok i det nye helsehuset. Saman med tannpleiar og klinikkleiar for Ulstein, Gunn-Randi Solstad ramsar dei opp mykje positivt om å ha ting i Vik. Det er heilt sant mykje positivt med tenester i sentrum – men tannhelsa skal vere topp kvalitet for alle. Ei samling av eit godt fagmiljø for alle velferds- og helseteneste i det nye Helsehuset borgar for både naudsynt utvikling og god kvalitet. Vi er heldige som har godt kvalifiserte tilsette i tannhelsetenesta som møter pasientar med eit smil uansett kvar ein kjem frå. Dette er grunnlaget for tannhelsetenesta, og vi gled oss til å opne eit splitters nytt og moderne helsehus som vi er sikker på alle vil ha stor glede av.

*Påskehelsing frå varaordførar Kristian Fuglseth og ordførar Anders Riise*